



Det kongelege kommunal- og regionaldepartement - kommunalavdelingen  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO  
[postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no)

**Dykkar ref.**  
11/1383-1 era

**Vår ref.**  
11/607-3/ 11/7434/024/LTA

**Dato:**  
Manger: 21.09.2011

## **HØYRING - ENDRINGAR I KOMMUNELOVA OG ENKELTE ANDRE LOVER (EIGENKONTROLLEN I KOMMUNANE M.M)**

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 27.05.2011.

Radøy formannskap handsama saka i møte 20.09.2011, sak 81/11, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy kommune sluttar seg til at sekretariatet for kontrollutvalet skal ha ein friare stilling og såleis vera uavhengig av kommunen sin administrasjon og av den eller dei som utfører revisjon for kommunen. Det vert også gjeve støtte til at kontrollutvalet skal veljast i konstituerande møte (tilføyning i kommunelova § 17.3 første punktum) og før val av andre nemnder og utval. Talet på medlemmer i kontrollutvalet bør aukast til minst fem medlemmer og møta skal som hovudregel vera opne. Det vert også gjeve støtte til forslaget om at det ikkje skal vera særlege rettar for mindretalet i kontrollutvalet og at det ikkje skal lovregulerast kven som skal ha fleirtal i kontrollutvalet. Radøy kommune sluttar seg også til forslaget om å lovregulera kontrollutvalet sin tilgjenge til lukka møte i kommunen sine folkevalde organ, likevel slik at kommunestyret i forskrift eller i det enkelte møte, kan vedta at kontrollutvalet ikkje har tilgjenge til lukka møte.

Radøy kommune sluttar seg til forslaget om at styremøte i kommunale føretak som ein hovudregel skal vera opne, og til forslaget om presisering i kommunelova § 63 nr.3 om at dei tilsette sine representantar til styret i kommunale føretak skal veljast av og blant dei tilsette.”

Med helsing

Christian Fotland  
Rådmann

Leif Taule  
ass. rådmann